

Hjartdal kommune

3692 SAULAND

Vår dato: 20.06.2018

Vår ref.: 201305523-36

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

NVE gjev løyve til omsøkt planendring for drikkevassuttak frå Sjøvatn - Hjartdal kommune i Telemark

NVE viser til søknad av 21.2.2018 der det er søkt om ei endring i konsesjonen for uttak av drikkevatt frå Sjøvatn. Vi viser også til vassdragskonsesjon av 27.11.2015, og til KI-notat nr. 22/2015, der det er gjeve konsesjon for uttak av drikkevatt frå Sjøvatn i Hjartdal kommune, Telemark.

NVE meiner fordelane med den omsøkte planendringa er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev i medhald av vassressurslova § 8 Hjartdal kommune løyve til å gjennomføre den planlagde endringa. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Bakgrunn

NVE gav den 27.11.2015 Hjartdal kommune løyve etter vassressurslova til å ta ut drikkevatt frå Sjøvatn. Det var i bakgrunnsnotatet lagt vekt på at inntaket ikkje ville vere synleg, og at vassuttaket ikkje vil gje synlege verknadar på vasstanden i Sjøvatn. NVE vurderte også at god planlegging og skånsamt anleggsarbeid ville vere avgjerande for å redusere verknaden av inngrepa til eit akseptabelt nivå, slik at tiltaket ikkje skulle føre til store negative konsekvensar for verdiar lagt til grunn for vernet av vassdraget. Det var lagt til grunn for NVE sine vurderingar ei oppgitt anleggsbreidde på 12 m. Dette var oppgitt i søknaden.

Hjartdal kommune leverte den 21.2.2018 ein planendringssøknad til NVE. Det blir her søkt om å auke anleggsbreidda langs rørleidningen frå 12 m til 15 m innanfor det området som er omfatta av Verneplan for vassdrag, og frå 12 til 20 m for resterande leidningstrase. Unntaket er innskrenkingar ved nærføring til vatn/vassdrag.

Grunngjevinga for søknaden er å kunne utføre anleggsarbeidet på ein hensiktsmessig måte i dei områda der landskapet toler dette, og minimalisere anleggstrafikk og mellomlagring av massar til eksternt depot. Det er viktig å ta vare på stadeigne massar, spesielt gjeld dette topplaget. Det er ønskeleg at dette topplaget vert lagt attende der ein fann det, og det må difor lagrast i ein ranke langs traseen. For å unngå stor anleggstrafikk ved å køyre resten av massane ut til eit eksternt depot, ønskjer søkar å også kunne

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

legge desse i ein eigen ranke langs traseen. Dette vil krevje plass. I tillegg må anleggsmaskinene ha moglegheit til å passere grøfta i sikker avstand. Utbygger skriv at dei ønskjer å halde anleggsbreidda så smal som mogleg, men at entreprenøren må ha moglegheit til å variere til maksimal anleggsbreidde der det er naturleg og nødvendig. Entreprenøren skal saman med byggherren merke fysisk i terrenget utsette områder som ikkje skal påverkast ved transport, lagring eller annan anleggsaktivitet. Det vil bli lagt vekt på at vegetasjonen ikkje skal fjernast etter rette plangrenser, men at ryddebelta skal følgje topografi og landskap for å oppretthalde den naturlege avgrensinga.

Høyring

Planendringssøknaden for drikkevatn frå Sjøvatn har vore på avgrensa høyring til dei som kom med uttale til den opphavlege konsesjonssøknaden i 2015. NVE har fått inn følgjande uttalar:

Fylkesmannen i Telemark

«Vi er av den oppfatning at de miljømessige konsekvensene av tiltakene er vurdert tilstrekkelig i konsesjonsbehandlingen og at miljøtilsynet hos NVE vil følge opp arbeidet i henhold til miljøplanen.

Vi vil likevel understreke at det kun er gitt tillatelse til lett traktorvei klasse 8 i den forelagte søknaden og at anleggsarbeidet må gjennomføres så skånsomt som mulig.

Vi kan derfor akseptere at det på enkelte strekninger kan gis dispensasjon til økt anleggsbredde slik det søkes om.»

Telemark fylkeskommune

«Omsynet til automatisk freda kulturminne

Vi viser til våre tidlegare uttaler om arkeologiske registrering i område der det kjem nye tiltak. Vi har motteke bestilling på registreringa, og den vil bli gjennomført så snart tilhøva tillèt det og vi har ledig kapasitet.

Vurdering

Det er ikkje avklara om tiltaka er i konflikt med regionale og/eller nasjonale arealbrukinteresser (fortrinnsvis automatisk freda kulturminne). Telemark fylkeskommune vil av den grunn ikkje gje endeleg utsegn i saka før undersøkingane etter kulturminnelova § 9 er oppfylt, dvs. at dei varsla undersøkingane er gjennomført.»

Halvor Bøen

« Jeg med flere grunneiere i Sjøvatn i både Hjartdal og Notodden Kommune er sterkt imot vannuttak i Sjøvatn. Det finnes andre alternativ som er bedre og billigere.

Nå er konsesjon gitt, men det bør ikke gies tillatelse (konsesjon) for økt bredde på trase.

Området er veldig sårbart, minst mulig inngrep!»

Tuddal Hytteforeningers Fellesutvalg (THF)

Sammendrag

”Tuddal Hytteforeningers Fellesutvalg (THF) er et samarbeidsorgan for alle 19 hytteforeninger i Tuddal, med til sammen ca. 810 medlemmer/hytter. THF vil sterkt fraråde at anleggsområde for en ledningstrasè/vei som aldri burde vært tillatt, utvides fra 12 til 20 meter.

THF ser med fortvilelse på at hele området raseres og avdeles av et bredt anleggsområde og en permanent vei. Sjøvatn er en perle og sentrum i ett av de siste gjenværende, nærmest uberørte områdene i Hjartdal kommune. Veien og traséen for rørledningene vil følge eldgamle gjeter- og krøtterstier forbi setervoller der kulturlandskapet holdes i hevd. Båttålidalen, den nydelige, åpne og majestetiske inngangen til Sjøvatn sørfra, vil dessverre påføres uopprettelige skader.

Det medfører ikke riktighet at Hjartdal er avhengig av en felles drikkevannskilde fra Sjøvatn for sin videre turistsatsing og tilhørende næringsutvikling i Tuddal. Norconsult har utredet alternative drikkevannskilder for kommunen, både desentraliserte grunnvannsbrønner og eventuelt et felles grunnvannsanlegg på Kovstulheia. Det viser seg at det er rikelig med vann av god kvalitet (ref. Norconsults rapport juli 2017). Det er fullt mulig, med få brønner å legge til rette for drikkevann både til eksisterende hytter og til de hytter som kommunen har lagt til grunn i sine prognoser fram til 2030 og videre. Denne løsningen er både den mest lønnsomme (sluttrapport 2017), og den som er mest skånsom for miljøet, og den kan gjøres trinnvis etter som antall hytter øker.

THF (over 800 hytteeiere) og flere enn 20 grunneierne i Tuddal har i lengre tid forsøkt å få Hjartdal kommune til å velge lokale grunnvannskilder i stedet for Sjøvatn som drikkevannskilde for hytter innenfor rensedistriktet. Det finnes allerede over 200 borebrønner innenfor vannforsyningsområdet. Vi ser ikke bort fra at kampen vil ende i rettsapparatet.»

NVE har også mottatt følgende uttale sendt via Fylkesmannen i Telemark:

Fleire grunneigarar rundt Sjøvatn

«Vi er en del grunneiere rundt Sjøvatn som lurar på fremtida for oss som eier rundt Sjøvatn.

Vi har diskutert vedtaket 56/17 i Hjartdal Kommunestyre om val av Sjøvatn som vannkilde. Vi ser det som kritikkverdige at vi som grunneiere ikkje er blitt tatt med i forkant av denne saken.

Vi er meget bekymret for hva som måtte komme av restriksjoner for oss grunneiere rundt Sjøvatn i fremtiden.

Her tenker vi bl. annet på:

- *Hvilke begrensninger kan det bli ved for eksempel dyrehold*
- *Hvilke begrensninger kan det bli vedr landbruk*
- *Hvilke begrensninger kan det bli for grunneiere som ønsker å sette opp ny hytte til eget bruk*
- *Hvilke begrensninger kan det bli for eksempel med planer om hyttefelt*
- *Hvilke begrensninger kan det bli ved organisert ferdsel*
- *Hvilke begrensninger kan det bli for motorisert ferdsel både privat og næring*

- *Hvilke begrensninger kan det bli med fiske og motorbåt*
- *Vi ser at utbyggere rundt setter ut og fortetter nye hyttefelt som Hjarthdal kommune godkjenner, og disse blir bla. kanalisert mot Sjøvatn. Sjøvatn får med dette større og større press som friområde*
- *Hva med fallrettigheter i Digerå og Kålå ved en evt. utbygging i fremtiden ved lavere vannstand*
- *Djupetjønn er valgt til drikkevannskilde for Gaustablikkområdet, dette vil påvirke vannstand i Sjøvatn da Djupetjønnvassdraget ender i Sjøvatn*
- *Sjøvatn er LNF område og vi stiller spørsmål med så store inngrep i dette uberørte området»*

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

«Svar på uttalelse frå Fylkesmannen i Telemark

Viser til uttalelse frå Fylkesmannen i Telemark vedr. planendringssøknad drikkevann Sjøvatn datert 5. april 2018,

Konsesjonæren tar uttalelsene frå Fylkesmannen i Telemark til etterretning.

Svar på uttalelse fra Tuddal Hytteforeningers Fellesvalg

Viser til uttalelse fra Tuddal Hytteforeningers Fellesutvalg vedr. planendringssøknad drikkevann Sjøvatn datert 18. april 2018.

NVE uttalte ved konsesjonsbehandlingen: Etter en helhetlig vurdering av planene og de innkomne uttalelsene mener NVE at fordelene av tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt.

Tuddal Hytteforeningers Fellesutvalg legger i sin uttalelse vekt på at de sterkt vil fraråde utvidelse av inngrepsbredden fra 12 til 20 meter på en ledningstrase/ vei som aldri burde vært tillatt.

Som konsesjonær er vi helt uenige i dette. Begrunnelsen gjengis nedenfor.

Det ble søkt om og følgelig gitt konsesjon til en anleggsbredde på 12 meter. Man ser at det vanskelig lar seg gjennomføre å utføre arbeidene på en hensiktsmessig måte innenfor et så smalt belte og man ønsker følgelig å utvide inngrepsgrensa til opp mot 20 meter. Som en følge av dette er linjetrase gjennomgått og justert i horisontalplanet slik at inngrep og anlegging kan gjennomføres med en redusert visuell virkning på sikt.

En rekke mindre justeringer av traseen kan bidra til at det totale inngrepet reduseres, til tross for noe lengre traselengde. Ved å legge vegtraseen på tørrere mark, i forsenkninger der eksponering reduseres og med bedre forankring inn mot terreng og vegetasjon ønsker vi å forsvare en breiere anleggsbredde.

Vi ønsker å sette den generelle anleggsbredden til 20 meter, da dette har vist seg å være en praktisk bredde å arbeide innenfor. Dette vil sikre en hensiktsmessig fremdrift uten mye ekstra transport, samtidig som man står igjen med et godt istandsatt anlegg etter ferdigstilling, der lagring av toppmasser kan skje i profilet, noe som er avgjørende for et godt sluttprodukt.

Det er viktig å forstå at dette er en maksimum bredde og entreprenøren har et ansvar for til enhver tid å tilstrebe å jobbe i et så smalt belte som mulig, praktisk gjennomføring tatt i betraktning.

Det er også ønskelig å kunne forskyve vegtraseen innenfor anleggsbeltet og sågar gjøre mindre forskyvninger av anleggsbeltet for å optimalisere terrengtilpassingen ytterligere under bygging.

Innenfor verneområde for vassdrag, som ses på som det mest sårbare området, med de større åpnere myrområdene vil anlegning skje på frossen mark. Grøfteskråninger kan reduseres grunnet brattere vinkel, som igjen krever mindre plass til lagring av undergrunnsmasser. Kjøring kan til dette skje på undergrunnsmassene og anleggsbredde foreslås redusert til 15 m. I den grad man får til tilsvarende ned Båtstålidalen skal dette etterstrebese.

Konsesjonær mener at uttalelser fra Tuddal Hytteforeningers Fellesutvalg ikke tas til følge.

Svar på uttalelse fra Halvor Bøen

Viser til uttalelse fra Halvor Bøen vedr. planendringssøknad drikkevann Sjøvatn datert 5. april 2018.

NVE uttalte ved konsesjonsbehandlingen: Etter en helhetlig vurdering av planene og de innkomne uttalelsene mener NVE at fordelene av tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vannressursloven §25 er oppfylt.

Halvor Bøen legger vekt på i sin uttalelse at området er sårbart og at det må bli minst mulig inngrep.

Som konsesjonær er vi helt enige i dette.

Det ble søkt om og følgelig gitt konsesjon til en anleggsbredde på 12 meter. Man ser at det vanskelig lar seg gjennomføre å utføre arbeidene på en hensiktsmessig måte innenfor et så smalt belte og man ønsker følgelig å utvide inngrepsgrensa til opp mot 20 meter. Som en følge av dette er linjetrase gjennomgått og justert i horisontalplanet slik at inngrep og anlegning kan gjennomføres med en redusert visuell virkning på sikt.

En rekke mindre justeringer av traseen kan bidra til at det totale inngrepet reduseres, til tross for noe lengre traselengde. Ved å legge vegtraseen på tørrere mark, i forsenkninger der eksponering reduseres og med bedre forankring inn mot terreng og vegetasjon ønsker vi å forsvare en bredere anleggsbredde. Vi ønsker å sette den generelle anleggsbredden til 20 meter, da dette har vist seg å være en praktisk bredde å arbeide innenfor. Dette vil sikre en hensiktsmessig fremdrift uten mye ekstra transport, samtidig som man står igjen med et godt istandsatt anlegg etter ferdigstilling, der lagring av toppmasser kan skje i profilet, noe som er avgjørende for et godt sluttprodukt.

Det er viktig å forstå at dette er en maksimum bredde og entreprenøren har et ansvar for til enhver tid å tilstrebe å jobbe i et så smalt belte som mulig, praktisk gjennomføring tatt i betraktning.

Det er også ønskelig å kunne forskyve vegtraseen innenfor anleggsbeltet og sågar gjøre mindre forskyvninger av anleggsbeltet for å optimalisere terrengtilpassingen ytterligere under bygging. Innenfor verneområde for vassdrag, som ses på som det mest sårbare området, med de større åpnere myrområdene vil anlegning skje på frossen mark. Grøfteskråninger kan reduseres grunnet brattere vinkel, som igjen krever mindre plass til lagring av undergrunnsmasser.

Kjøring kan til dette skje på undergrunnsmassene og anleggsbredde foreslås redusert til 15 meter. I den grad man får til tilsvarende ned Båtstålidalen skal dette etterstrebes.

Konsesjonær mener at uttalelser fra Halvor Bøen ikke tas til følge.

Svar på uttalelse fra Telemark fylkeskommune

Viser til uttalelse fra Telemark fylkeskommune vedr. planendringssøknad drikkevann Sjøvatn datert 8. mai 2018.

Konsesjonæren har avtale med Fylkeskommunen om utførelse av kulturminneundersøkelser i hht søkt arealbruksplan uke 26-2018. Nødvendig tiltak vil iverksettes basert på eventuelle funn.

Svar på uttalelse fra berørte grunneiere i Hjartdal og Notodden kommune

Viser til uttalelse fra berørte grunneiere rundt Sjøvatn og Notodden kommune vedr. planendringssøknad drikkevann Sjøvatn datert 18. april 2018.

NVE uttalte ved konsesjonsbehandlingen: Etter en helhetlig vurdering av planene og de innkomne uttalelsene mener NVE at fordelene av tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vannressursloven §25 er oppfylt.

Berørte grunneiere legger i sin uttalelse vekt på at det er LNF område og stiller spørsmål med så store inngrep i dette uberørte området.

Som konsesjonær er vi helt uenige i dette. Begrunnelsen gjengis nedenfor.

Det ble søkt om og følgelig gitt konsesjon til en anleggsredde på 12 meter. Man ser at det vanskelig lar seg gjennomføre å utføre arbeidene på en hensiktsmessig måte innenfor et så smalt belte og man ønsker følgelig å utvide inngrepsgrensa til opp mot 20 meter. Som en følge av dette er linjetrase gjennomgått og justert i horisontalplanet slik at inngrep og anlegging kan gjennomføres med en redusert visuell virkning på sikt.

En rekke mindre justeringer av traseen kan bidra til at det totale inngrepet reduseres, til tross for noe lengre traselengde. Ved å legge vegtraseen på tørrere mark, i forsenkninger der eksponering reduseres og med bedre forankring inn mot terreng og vegetasjon ønsker vi å forsvare en bredere anleggsbredde.

Vi ønsker å sette den generelle anleggsbredden til 20 meter, da dette har vist seg å være en praktisk bredde å arbeide innenfor. Dette vil sikre en hensiktsmessig fremdrift uten mye ekstra transport, samtidig som man står igjen med et godt istandsatt anlegg etter ferdigstilling, der lagring av toppmasser kan skje i profilet, noe som er avgjørende for et godt sluttprodukt.

Det er viktig å forstå at dette er en maksimum bredde og entreprenøren har et ansvar for til enhver tid å tilstrebe å jobbe i et så smalt belte som mulig, praktisk gjennomføring tatt i betraktning.

Det er også ønskelig å kunne forskyve vegtraseen innenfor anleggsbeltet og sågar gjøre mindre forskyvninger av anleggsbeltet for å optimalisere terrengtilpassingen ytterligere under bygging.

Innenfor verneområde for vassdrag, som ses på som det mest sårbare området, med de større åpnere myrområdene vil anlegging skje på frossen mark. Grøfteskråninger kan reduseres grunnet brattere vinkel, som igjen krever mindre plass til lagring av undergrunnsmasser.

Kjøring kan til dette skje på undergrunnsmassene og anleggsbredde foreslås redusert til 15 m. I den grad man får til tilsvarende ned Båtstålidalen skal dette etterstrebes.

Konsesjonær mener at uttalelser fra berørte grunneiere i Hjartdal og Notodden kommune ikke tas til følge.»

NVE si vurdering

NVE gav konsesjon til det planlagde tiltaket 27.11.2015. Det var i konsesjonen lagt til grunn ei anleggsbredde på 12 m. Då prosjektet seinare var klart til detaljplanlegging, har søkar vurdert det som hensiktsmessig å kunne nytte eit større areal i anleggsperioden.

NVE vil berre vurdere den omsøkte planendringa. Vassuttaket er allereie vurdert, og høyringsuttalar som går på dette blir ikkje kommentert. For desse viser vi til bakgrunn for vedtak av 27.11.2015.

Det er søkt om å få auke anleggsbreidda til 15 m innanfor det området som er omfatta av Verneplan for vassdrag, og til 20 m for resterande område. Søkar grunngjev søknaden med at det er nødvendig med større anleggsbredde for å kunne drive anlegget effektivt, unngå for mykje transport av massar, og for å på best mogleg måte ta vare på topplaget, slik at dette kan leggest attende på rett plass.

NVE meiner det er viktig at røyrtraseen blir lagt slik at den glir best mogleg inn i terrenget. Vi ser det difor som positivt at tiltakshavar har hatt dette i tankane når dei har lagt opp den nøyaktige traseen. Eit anna punkt som er viktig for å unngå store varige sår, er at toppdekket blir teke godt vare på. NVE meiner dette er viktigare enn at traseen ikkje overstig 12 m. Med stadeigne massar vil ein få ei raskare og meir naturleg attgroing etter avslutta anleggsarbeid.

Søkar skriv som tilsvar til høyringsuttalar «*Innenfor verneområde for vassdrag, som ses på som det mest sårbare området, med de større åpnere myrområdene vil anlegning skje på frosen mark*». Dette meiner NVE er positivt og vil bidra til å redusere den langsiktige verknaden av inngrepet. Det er fleire parti med opne myrområder også frå Flatåburoi, og opp til grensa for vassdragsvernet. NVE føreset at tiltakshavar tek det same omsynet, og utfører anleggsarbeid på frosen mark også i desse områda.

Det er frå Flatåburoi og opp til det planlagde inntaket at landskapet framstår som mest ope og sårbart for inngrep, dette gjeld uavhengig av kvar grensa for vassdragsvernet går. Gjennom Båtstålidalen vil traseen komme i nærkontakt med ein bekk, og her er også nokre parti med sidebratt terreng. NVE meiner at dette er eit landskap som krev ekstra merksemd og forsiktighet. Vi meiner at på strekningen Flatåburoi til inntaket skal ikkje breidda på traseen overstige 15 m, uavhengig av grensa for vassdragsvernet.

Halvor Bøen og Tuddal Hytteforenings fellesutvalg er bekymra for at auka breidde på traseen skal gi større sår i naturen. Dette vil nok vere tilfelle i eit kort tidsperspektiv, men etter NVE si erfaring vil ein kunne oppnå eit betre resultat dersom tiltakshavar får utføre arbeidet på ein slik måte som beskrive. Spesielt gjeld dette moglegheita til å få topplaget attende på rett plass. Det vil likevel vere avgjerande at tiltakshavar har nær og god dialog med entreprenør, og maskinførarar, slik at alle er orienterte om kva resultat ein ønskjer. Dette vil også NVE følge opp gjennom detaljplanarbeid, og tilsyn i anleggsperioden.

Fylkesmannen peikar i sin uttale på at det er ein lett traktorveg klasse 8 det er gitt løyve til. NVE understrekar at det ikkje er gjort noko endring når det kjem til standard på veg, gjennom dette vedtaket.

NVE viser til vårt bakgrunn for vedtak av 27.11.2015 for informasjon om tidlegare saksbehandling og ytterlegare vurderingar av allmenne interesser.

Ein del av momenta i fleire høyringsuttalar gjeld forhold som NVE ikkje er rette myndigheit til å svare på. For eksempel gjeld dette klausulering i nedbørfelt. Spørsmål om dette må rettast til kommunen.

Konklusjon

NVE meiner fordelane med den omsøkte planendringa er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev i medhald av vassressurslova § 8 Hjartdal kommune løyve til å gjennomføre den planlagde endringa. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Vilkår

- Det er gitt løyve til å utvide anleggsbreidda til 15 m frå Flatåburoi og opp til inntaket, der dette er nødvendig
- Det er gitt løyve til å utvide anleggsbreidda til 20 m frå Flatåburoi og nedover mot Russmarken, der dette er nødvendig
- Anleggsarbeidet på myrområda mellom Flatåburoi og inntaket skal skje på frosen mark

Sjå elles vilkår i bakgrunn for vedtak og vassdragskonsesjon av 27.11.2015.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjersla til Olje- og energidepartementet innan 15.8.2018, jf. forvaltningslova kapittel VI. Klageretten er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer berørte interesser).

De må grunngje klagen skriftleg, stile den til Olje- og energidepartementet og sende den til NVE. Vi føretrekkjer elektronisk oversending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Telemark
Halvor Bøen



Telemark fylkeskommune
TORE HAGEN